

KOMMISJONSFORORDNING (EU) nr. 110/2011

2015/EØS/76/117

av 8. februar 2011

om gjennomføring av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikker over sosial tryggleik (ESSPROS) med omsyn til eigna format for innsending av data, resultat som skal sendast inn, og kriterium for kvalitetsmåling, for ESSPROS-modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 458/2007 av 25. april 2007 om det europeiske systemet for integrerte statistikker over sosial tryggleik (ESSPROS)⁽¹⁾, særleg artikkel 7 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Ved forordning (EF) nr. 458/2007 er det fastsett ei metodologisk ramme som skal nyttast ved utarbeiding av statistikker som kan jamførast til nytte for Den europeiske unionen, og fristar for innsending og spreing av statistikker som er utarbeidde i samsvar med det europeiske systemet for integrerte statistikker over sosial tryggleik (heretter kalla «ESSPROS»).
- 2) I medhald av artikkel 7 nr. 2 i forordning (EF) nr. 458/2007 bør det vedtakast gjennomføringstiltak som gjeld formata for innsending av data, resultatata som skal sendast inn, og kriteria for kvalitetsmåling, for modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik.

- 3) Opplysningane i modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik bør samlast inn på grunnlag av ei avgrensa tyding, slik at mottakarpopulasjonen er den same som populasjonen av mottakarar av brutto ytingar knytte til sosial tryggleik, som det er samla inn opplysningar om i det grunnleggjande ESSPROS-systemet.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det europeiske statistikkssystemet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

1. Formata for innsending av data og resultatata som skal sendast inn for modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, er fastsette i vedlegg I.
2. Kriteria for kvalitetsmåling av data som gjeld modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, er fastsette i vedlegg II.

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 8. februar 2011.

For Kommisjonen

José Manuel BARROSO

President

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjord i EUT L 34 av 9.2.2011, s. 29, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 88/2011 av 1. juli 2011 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 54 av 6.10.2011, s. 76.

(¹) TEU L 113 av 30.4.2007, s. 3.

*VEDLEGG I***Format for innsending av data som gjeld modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, og resultatata som skal sendast inn**

1. DATA SOM SKAL SENDAST INN

Data om netto ytingar knytte til sosial tryggleik (avgrensa tyding) skal sendast inn i det formatet som Kommisjonen har fastsett.

Følgjande variablar skal sendast inn:

1.1. Gjennomsnittlege skattesatsar (AITR) og gjennomsnittlege trygde- og pensjonspremiar (AISCR) som vert delte inn etter:

- den nærmare klassifiseringa av kontantytningar knytte til sosial tryggleik, som fastsett i tillegg 1 til ESSPROS-handboka,
- dei ordningane som er førte opp i tabellen «liste over ordningar» i vedlegg I til kommisjonsforordning (EF) nr. 1322/2007⁽¹⁾.

1.2. Resterande skatteforemoner (skal leggjast fram berre dersom dei ikkje direkte inngår i AITR og/eller AISCR).

Alle resterande skatteforemoner bør delast inn etter funksjon i samsvar med lista over risikoar og behov som er fastsett i artikkel 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 458/2007, på første nivå i klassifiseringa.

Data for resterande skatteforemoner skal utarbeidast i nasjonal valuta.

1.3. Data om netto sosiale ytingar (avgrensa tyding) som vert delte inn etter:

- den nærmare klassifiseringa av ytingar knytte til sosial tryggleik, som fastsett i tillegg 1 til ESSPROS-handboka,
- dei ordningane som er førte opp i tabellen «liste over ordningar» i vedlegg I til forordning (EF) nr. 1322/2007 (data for «alle ordningane» som svarar til summen av alle ordningane, skal òg rapporterast).

Netto sosiale ytingar bør utleiast ved å setje dei brutto ytingane knytte til sosial tryggleik som er fastsette i vedlegg I til forordning (EF) nr. 1322/2007, saman med dei variablane som er førte opp i nr. 1.1 og 1.2.

2. REFERANSEHANDBOK

Dei nærmare klassifiseringane og definisjonane som skal nyttast ved bruk av denne forordninga, er fastsette i ESSPROS-handboka, som er utarbeidd av Kommisjonen i samarbeid med medlemsstatane.

⁽¹⁾ TEU L 294 av 13.11.2007, s. 5.

VEDLEGG II

A. KRITERIUM FOR KVALITETSMÅLING AV DATA SOM GJELD MODULEN OM NETTO YTINGAR
KNYTTE TIL SOSIAL TRYGGLEIK

I samsvar med artikkel 12 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 223/2009⁽¹⁾ skal følgjande kvalitetskriterium nyttast i den årlege kvalitetsvurderinga av innsamlinga av data om netto ytingar knytte til sosial tryggleik: relevans, nøyaktige data, aktualitet, punktlege data, tilgang og klarleik, jamføringsevne og samanheng.

B. OPPLYSNINGAR SOM SKAL SENDAST INN

Medlemsstatane skal gje opplysningar om:

1. **Kontakt**

1.1. Opplysningar om dei som utarbeider data.

2. **Nøyaktige data**

2.1. Dekkingsområdet til datakjeldene: kva typar kjelder som er nytta (register eller andre administrative kjelder, granskingar, overslag), opplysningar om ordningar/funksjonar som er omfatta av ulike typar kjelder, rapportering av vanskar med dekkingsområdet til datakjeldene som fører til at det må utarbeidast overslag over data.

2.2. Metodologiar og vurderingar som er nytta i overslaga, og i dei tilfella der dekkingsområdet til datakjeldene er ufullstendig:

- administrative data,
- gransking,
- modellutrekning,
- anna (spesifiser).

2.3. Revisjon av statistikkane:

- endringar i dei datakjeldene som er nytta,
- endringar i dei metodane og vurderingane som er nytta til å utarbeide overslag over data,
- revisjonar av data som følgje av tilpassingar av omgrep (t.d. tilpassingar i nasjonalrekneskapen),
- revisjonar av data som følgje av at endelege statistikkar finst tilgjengelege,
- revisjonar av data som følgje av kvalitetskontroll,
- utgreiing om prinsippet som er vedteke for revisjon av data.

3. **Jamføringsevne**

3.1. Geografisk jamføringsevne:

- ufullstendig dekkingsområde til endelege data,
- ESSPROS-metodologien vert ikkje følgt,
- opplysningar om årsakene til avvik og metodane som vert nytta,
- overslag over kva innverknad desse avvika har på jamføringsevna.

3.2. Jamføringsevne over tid:

- utgreiing om korleis dekkingsområdet til historiske data svarar til dekkingsområdet til aktuelle data,
- utgreiing om jamføringsevna mellom historiske data og aktuelle data.

⁽¹⁾ TEU L 87 av 31.3.2009, s. 164.

4. Tilgang og klarleik

- 4.1. Utgreiing om prinsippet som staten har vedteke når det gjeld spreiiing av data.
- 4.2. Utgreiing om kva metadata eller metodologi som brukarane har fått.

5. Relevans

- 5.1. Utgreiing om korleis dei statistiske opplysningane oppfyller noverande og potensielle behov hjå brukarane.

C. TIDSPLAN FOR UTARBEIDING AV KVALITETSRAPPORTAR

Kvalitetsrapportane som gjeld modulen om netto ytingar knytte til sosial tryggleik, skal utarbeidast kvart år.

Rapporten for året N skal sendast til Kommissjonen (Eurostat) innan 31. januar i året N + 3.

D. FORMAT FOR INNSENDING AV KVALITETSRAPPORTAR

Opplysningar om datakvaliteten skal sendast inn i det formatet som Kommissjonen (Eurostat) har fastsett.
